

## Læringsnettverk om legemiddelbehandling

Nasjonalt kunnskapssenter for helsetenesta blei i 2011 engasjert for å vere med på å utvikle eit læringsnettverk som skulle sikre pasientar nødvendig og rett legemiddelbehandling, og gjere leiarar dyktigare i å leie endrings- og betringsarbeid. Bakgrunnen var funn Helsetilsynet i Telemark hadde gjort gjennom tilsyn på sjukeheimar. I tillegg låg Telemark fylke høgt i utskriving av antipsykotiske legemiddel til eldre, og statistikk frå tilsynsfarmasøyt viste stor variasjon i legemiddelbruken mellom sjukeheimane i fylket. Læringsnettverk byggjer på erfaringar frå «gjennombrotsmetoden», og er ein metode for å organisere

korleis ein skal gi kunnskap og rettleiing til leiarar og medarbeidarar i betringsteam rundt ei oppgåve over ein tidsperiode.

Deltakarane i nettverket kom frå seks sjukeheimar i kommunane Porsgrunn og Skien, og dei var organiserte i team sette saman av sjukeheimslege, avdelingsleiar og sjukepleiar eller vernepleiar. Fire team hadde med brukarrepresentant, og tilsynsfarmasøytar tok også del på fellessamlingane.

Deltakarane starta med å kartleggje og analysere legemiddelbehandling og -handtering i dei respektive avdelingane sine. Verknad og biverknader av legemiddel blei vurderte, i tillegg blei

det teke opp kva ein må ta omsyn til for å unngå at ulike legemiddel verkar uheldig inn på kvarandre når pasientar må bruke mange av dei samtidig. Deretter blei effekt målt og eventuell endring sett i verk. Ein føresetnad for at læringsnettverket skulle lykkast, var at pasientar og medarbeidarar skulle involverast heile vegen. Gjennomføringa har vist at deltakarane lærer av kvarandre, utnyttar og spreier kompetansen i organisasjonen. Det blir no gjort ein systematisk tverrfagleg legemiddelgjennomgang innan to veker etter innlegging, legane dokumenterer indikasjon for legemiddelbehandlinga, og observasjon og rapportering av verknad og biverknad er med i tiltaksplanen. Resultatet har vore opplyftande, og målingane som er gjorde, har vist god utvikling. Erfaringane viser også at god legemiddelbehandling og -handtering inneber ei kulturendring som det tek tid å få rotfesta i verksemda.